Eidfjord nytt

17. mai-feiring i Eidfjord **20** | Me minnast sambygdingar som gjekk bort **26** | Program for Landskappleiken **32**

1-2025 | Årgang 26

Eit magasin frå Eidfjord kommune

INFORMASJON

Eidfjord nytt

vert utgjeven av
Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1
5783 Eidfjord

eidfjord.kommune.no
+47 53 67 35 00
postmottak@eidfjord.kommune.no

Redaksjonsnemnd
Eidfjord kommune

Layout og trykk
Aksell

Framsidebilete
Vårblomar i Ostangen.
Foto: Yana Surus

Om Eidfjordnytt
Eidfjordnytt vert utgjeve av Eidfjord kommune to gongar årleg, i juni og desember. Magasinet skal innehalda lokale nyhende av stort og smått, med bidrag både frå kommunen og innbyggjarane. Eidfjordnytt er gratis, også for abonnentar utanfor kommunegrensene. God lesnad!

Neste utgåve
Har du bidrag til Eidfjordnytt? Ta kontakt med Heidi Herstad Prestegård.

TRYKT I NOREG
NO - 1470

SVANEMERKET
Trykksak
2041 0699

Ordføraren har ordet

Det er framleis tidleg i mai og eg ligg på sofaen. Terassedøra er open og sola varmar godt, sjølv om det framleis er litt kjølig i lufta.

Det litt kalde trekket minner meg om mørketida, snørike vinterdagar og våte, vindfulle haustdagar. Tankane mine seglar vidare, og eg kjem på at det berre er snaue 5 veker til sankthans; etterpå vil dagane verta kortare att, og før me veit det er det tid til å ta fram dunjakka og lua.

Det engelske uttrykket «This too shall pass» er opphaveleg eit persisk ordtak om forgjengelegheit. Den gjenspeglar den mellombelse naturen, flyktigheita, av vår tilvære - at korkje dei negative eller positive augeblinka i livet varar i det uendelege. Eg nyttar dette ordtaket ofte for å minna meg sjølv om at vanskelege tider eller dagar eg gruar meg til vil gå over etter kvart.

8.mai var 80-årsdagen for frigjeringa etter fem år med tysk okkupasjon. Det var vanskelege år, men det norske folket heldt ut og freden kom til slutt. I 1990 fall muren i Berlin, og markerte slutten på den kalde krigen mellom USA og Sovjetunionen som hadde dominert verdspolitikken sidan 1945. Krigen i Ukraina har no vart i over tre år, men me kan vera sikker på at òg denne konflikten ikkje vil vara evig; «This too shall pass».

Dei gamle persarane ville gjennom deira ordtak ikkje berre minna oss på at alt det negative vil gå over, heller ikkje det positive varar evig. Etter murens fall publiserte den amerikanske statsvitaren Francis Fukuyama boka «The End of History and the Last Man» (1992). Der argumenterte han for at demokrati, rettsstat og kapitalisme hadde blitt historisk einerådande, og at det ikkje lenger ville vera rom for andre ideologiar.

I 2012 vart den Europeiske Unionen tildelt Nobels fredspris med grunngjeving at «Unionen og dens forløpere gjennom mer enn seks tiår [har] bidratt til å fremme fred og forsoning, demokrati og menneskerettigheter i Europa». Men dei politiske utviklingane i ei rekkje europeiske og andre allierte land syner at me ikkje kan ta fred og våre demokratiske verdiar for gitt; «This too shall pass?»

Det er meldt fantastisk vêr for resten av mai månad. Det må me nyta så lenge det varer, for regnet vil (og må) koma. Det er trass alt lite me kan gjera med vêret, men me kan forsvara vårt demokrati og sikra fred.

Lat sommarsola varma både kropp og sinn – eg ynskjer alle lesarar ein sommar fylt med lys, latter og liv!

Timo Knoch
ordførar

No vil de sjå Eidfjordnytt i ny drakt!

Designarane i Aksell har i løpet av våren arbeidd med å gje magasinet ei moderne oppgradering. Mellom anna er element frå kommunen si nye profilhandbok nytta i form av fargar og grafikk, samt at form og papir er endra. Me vonar du som lesar likar Eidfjordnytt i ny drakt.

Innhald

Eit spanande og nyskapande opplevingssenter for norsk natur, klima og miljø 4
Skitur til Myrkdalen 8.–9. mars 8
Opprydding og familiedugnad i Sysendalen skisenter 10
Heggjagarden og Sjøbua 12
20 år med cruisehamn 14
16. mai på Tangen i Kinsarvik 15
Nyskapande aktivitetsanlegg 16
Tolegrenseanalyse for Eidfjord sentrum – kva no? 18
Tildeling av næringsprisen på 17. mai 20
17. mai-feiring på Bu 22
Deltok i First Lego League med ein robot som skal suga opp kråkebollar 23
Som kommunalsjef må ein kunne litt om mykje 24
Fagdag for reinhaldarar 25
Frigjeringsdagen – Me minnast sambygdingar som gjekk bort 26
Kva gjer ungdomsrådet? 29
Landskappleiken: Fem dagar med musikk og folkedans 31
Program for Landskappleiken 2025 32
Bornas landskappleik 34
I Modnen barnehage skal alle kjenna at dei er viktige 35
Handbak-NM: 13 meisterar frå Hardanger 36
Hardanger Energi byggjer ny Tveitafoss kraftstasjon 40
Sommarens utstilling i Galleri N.Bergslien 41
Skileik i Sysendalen 42
Samling om ungdomsmiljø og rus 44
Førebyggjande arbeid retta mot born og unge 47
Tråagarden + Draopar = sant 48
Bråte besøks- og velferdsgard 50

NORSK NATURSENTER — HARDANGER

Eit spanande og nyskapande opplevingssenter for norsk natur, klima og miljø

Norsk Natursenter i 2025 skal etter planen driftast av 6 faste tilsette og 13 sesongtilsette med ein årleg økonomi på ca. 20 mill. kr. Administrasjon og styret leiar selskapet etter vedtekter fastsett av eigar Eidfjord kommune. Ein vesentleg endring for selskapet Norsk Natursenter i 2025 er planlagt skifte av direktør samt endringar i styret.

Tekst: Oddvar Brakestad og Jonas Kimerud
Bilete: Norsk Natursenter Hardanger

Dersom ein meiner at selskapet Norsk Natursenter er ein suksesshistorie, skuldast det utført arbeid av administrasjon, styret og flinke arbeidstakarar i godt samarbeid med eigaren Eidfjord kommune, Miljødirektoratet og ei rekkje sponsorar gjennom mange år.

Føremålet til Norsk Natursenter er å samla og spreia kunnskap om samspelet i naturen, og relasjonane mellom natur og menneskeleg verksemd - og skapa eit nært møte mellom det moderne mennesket og naturen.

Norsk Natursenter er ei oppleving utanom det vanlege, og har utvikla og forsterka sin posisjon som det mest besøkte menneskeskapte opplevingsproduktet i Hardanger, med eit årleg gjestetal ca. 60 000. Eit kvalitetsprodukt både for enkeltreisande og grupper. Våre gjester er reisande og turistar frå heile verda. Ca. 1,5 millionar gjester har besøkt senteret gjennom tidene.

«Det er kjent at opplevingssentera er ein viktig del av attraksjonstilbodet i Noreg. Dei er såleis ein del av basiselementa i produktet som og er med på å skapa reiselivsetterspurnad i Noreg, og er difor med på å skape etterspurnad også i dei andre delar av næringa (overnatting, servering, handel, transport mv.).»

«Etablering av opplevingssentera har både direkte og indirekte verknad. Den direkte verknaden er viktig (sysselsetting m.a.), men ingen av eksisterande senter med formål lik Norsk Natursenter kan drivast på reint bedriftsøkonomisk grunnlag. Grunngjevinga for å etablera slike senter er forankra i dei indirekte verknadane dei vil ha på sjølve formålet til senteret, og øvrig reise- og næringsliv i regionen. Det er summen av dei direkte og indirekte verknadane som kan forsvare at dei offentlege og andre kan støtta investeringar i slike anlegg.»
(Innovasjon Norge).

Norsk Natursenter kan sjå tilbake på 30 driftsår

Selskapet vart etablert i 1994 med namn Hardangervidda Natursenter Eidfjord. Ein av grunnane til at Norsk Natursenter vart etablert var stor etterspurnad frå den etablerte turistindustrien, med nasjonale og internasjonale gjestar, sitt ynskje om oppleving samt kunnskap om norsk natur- og kulturhistorie utover det dei opplever i naturen med rundreiser i Noreg. Gjestene skal inspirerast til engasjement for naturen sin store verdi, og verta inspirerte til bruk og vern av norsk natur.

↑ **Opning 28. mai 1995 med H.M. Dronning Sonja og direktør Oddvar Brakestad.**

Natursenteret vart opna for publikum 28. mai 1995 av H.M Dronning Sonja, som i sin helsingstale mellom anna uttala: «Dette stedet er et smykkeskrin med de edleste søljer og skatter fra norsk natur.»

I 1997 vart Natursenteret autorisert som Nasjonalparksenter for Hardangervidda av dåverande miljøvernminister Torbjørn Berntsen.

I året 1999 vart ny naturinformasjonsutstilling opna for publikum. Totalprosjektavtalen med Expology Burson Marsteller A/S vart gjennomført og fagleg kvalitetsikra av fleire fag-institusjonar og enkeltpersonar engasjert gjennom avtalar i prosjektet. Den nye natur- og kulturhistoriske utstillinga til

FORTSET →

Norsk Natursenter er ei oppleving utanom det vanlege, og har utvikla og forsterka sin posisjon som det mest besøkte menneskeskapte opplevings-produktet i Hardanger, med eit årleg gjestetal ca. 60 000.

↑ Hardangerviddahallen med opning av Fylkesmannen i Hordaland Svein Alsaker i 2002.

Natursenteret var den største som vart opna for publikum i 1999/2000 i Noreg.

Eit viktig føremål med den nye utstillinga var å gjera Natursenteret til ein attraksjon som styrkjer valet av Eidfjord og Hardanger som reiseruta og reisemål. Den offisielle opninga vart gjennomført av dåverande næringsminister Lars Sponheim.

Hardangerviddahallen

Opning av Hardangerviddahallen i 2002 var ein ny stor milepel. I anledning opning blei det uttalt frå Fylkesmannen i Hordaland Svein Alsaker: «Hardangerviddahallen er et praktbygg med sin utradisjonelle arkitektur og gjennom bruk av ekte byggematerialer som tre, stein og torv. Tradisjonelt håndverksarbeid kombinert med gammel byggeskikk gir oss et bygg med historie tilpasset den framtidige bruken av huset.»

Nybygget vart tildelt funksjonar med kontor for Statens Naturoppsyn og undervisningslokale for nordisk naturskule, restauranten Hardangerviddahallen og gåvebutikk.

Eit senter i utvikling

I 2005 opna Nordisk Naturskule Eidfjord på senteret, med tilbod til born og unge. Prosjektet var i samarbeid med Statens Naturoppsyn (SNO) og Statkraft. Utdanningsdirektør i Hordaland, Kjellbjørg Lunde, tok på seg oppgåva som gudmor for prosjektet, og stod for den offisielle opninga.

Føremålet til naturskulen er å auka kunnskapen om nasjonalparkane og verneverdiane i desse, og stimulera barn og unge til utøving og deltaking i friluftsliv samt meistra trygg og miljøvenleg ferdsel i utmark.

Ei stor hending i 2018 var lansering av ein helt ny utstilling, og selskapet endra namn frå Hardangervidda Natursenter til Norsk Natursenter - eit opplevingssenteret for norsk natur, klima og miljø.

Den nye utstillinga vart opna av reiselivsdirektør i Inovasjon Norge Bente Bratland Holm. Utstillinga hadde som formål å presentera eit kvalitetsprodukt som skulle føra til det beste senteret i Norge på formidling av naturinformasjon.

Utstillingskonseptet er utvikla med høg kompetanse, både når det gjeld bygningar, fagleg innhald, design og opplevingsverdi, som tilbyr noko ekstra i tillegg til det ein kan oppleva ute i naturen. Senteret fekk tre etasjar med nye, spanande og kraftfulle opplevingar i form av interaktive stasjonar, kunst og naturteater, bergartar, mineral, fossil, modellar, akvarium, temavideoar og illustrasjonar. Heile utstillinga gjennom dei tre etasjane er bygd opp som ei tidsreise frå 2,9 milliardar år sidan og fram til i dag. Utstillinga vart utvikla av Sarner og ei engasjert faggruppa.

Ny panoramafilm

I 2023 premierte panoramafilmen «Norge mitt land – fjord, fjell, foss og Hardangervidda» på Norsk Natursenter. Filmen er ein spektakulær reise gjennom fjord- og fjellandskap, og mektige fossefall. Panoramafilmen er ein storsatsing i verdsklasse, med ny filmteknologi på eit av Europas største panoramalerret; 21 meter langt og 4 meter høgt, i eit saumlaust bilete med 225° synsvinkel.

Tilsvarande film med kvalitet 12K er ikkje tidlegare produsert i Noreg. Filmen vart utvikla av filmselskapet Stargate, musikk av komponist Kjetil Bjerkestrand og naturfotograf Torgeir Beck Lande.

↑ Kraftverkssjef Vidar Riber, direktør i SNO Kai Erik Tørdal, informasjonssjef i Statkraft Bjørnar Olsen, utdanningsdirektør i Hordaland Kjellbjørg Lund, Ordførar i Eidfjord Ola B. Hereid og dagleg leiar av naturskulen Alf Tore Mjøs.

SKITUR TIL MYRKDALEN 8.—9. MARS

Godt humør og god stemning

Endeleg var det dags for skitur til Myrkdalen for Eidfjord kommunale fritidsklubb. Laurdags morgon kl 08.00 var det 31 ungdommar og 5 vaksne som var klare til å reisa.

Tekst og bilete: Gjengen som var på tur

Me tok buss frå Eidfjord til Myrkdalen. Ungdommane fekk todagarskort til skiheisen og, dei som trong låna skiutstyr kunne gjera det i Myrkdalen.

Dei aller fleste ville rett i bakken då me kom fram. Litt lite snø, men lange og fine skibakkar, med fleire stolheisar.

Me hadde felles middag med pizza-buffé på laurdagen. Etter ein dag ute på ski var dette til glede for både ungdommane og dei vaksne. Alle var svoltne, og det var kjempegod pizza- og salatbuffé.

Ungdommane var glade og nøgde. Utpå kvelden fekk me låna oss eit konferanserom med storskjerm. Me sette på ein film, og dei som ville kunne vera der og sjå. Tone hadde handla inn snacks og brus.

Sundags morgon åt me god frukost i lag. Dei fleste reiste rett ut i ny-preppa løyper. Det var til og med litt sol mellom skyene. Nokon testa ut slalomski for fyrste gong, og syntes dette var kjekt. Me hadde ein veldig fin tur i lag, med godt humør og god stemning.

Tusen takk til ungdomsrådet for at me fekk reisa på tur!

Bingosundag

Grendalaget i Øvre Eidfjord inviterte til bingo i ungdomshuset fastelavnssundag 2. mars.

Tekst og bilete: Heidi Herstad Prestegård

Full sal spelte seg igjennom seks omgangar, leia av bingovert Heine Sæbø på scena. Grendalaget hadde kjøpt inn flotte premiar, og hadde sal av fastelavnsbollar og kaffi i pausen.

Øvre Eidfjord grendalag vart stifta 10. april 2011. Grendalaget har i interessa å skapa trivsel, samhald og aktivitetar i bygda. Dei ynskjer å bidra til at me kan vera stolte av bygda vår, og at dei som vitjer bygda tykkjer det er triveleg og velstelt slik at dei ynskjer å koma attende.

- Styreleiar: Helene Bratland
- Nestleiar: Magnar Røise
- Styremedlem: Ragnhild Myklatun

Civis har bytt namn

Kva betyr dette for deg?

- Det er inga endring i funksjonalitet. Alle funksjonar og tenester vil vera på same stad som du vanlegvis finn dei.
- Appen har fått ny logo og nye fargar som representerer endringa.
- Du må oppdatera appen til den seinaste versjonen for at endringa skal tre i kraft.

Slik oppdaterer du appen

1. Opna App Store eller Google Play.
2. Søk etter Friskus.
3. Trykk på Oppdater for å installera siste versjon.

Konsert på Nabolaget

Tekst og bilete: Birgitta Claussen Hjellødegård

Me skipa til ein liten utekonsert på Nabolaget tysdag 13. mai.

Elevar frå musikkskulen deltok saman med Lynna. Etter innslaga var det open mikrofon med fine innslag frå publikum. Det vart servert pylser, is og kaka i finvêret.

Takk til alle frammøtte, og takk for ein fin vår saman på Nabolaget!

↑ Dotter og mor: Amieliia og Yana

Alle 4 familiane samla.

Opprydding og familiedugnad i Sysendalen skisenter

Etter 15 års drift har eigarane av Hardangervidda ski og fjellsport AS (HSF AS) hatt sin siste sesong som drivarar av skisenteret i Sysendalen. Desse 4 gutane, Asbjørn, Sondre, Øystein og Arve, tok på seg ansvaret for å drive og vedlikehalde skianlegget på Maurset i 2010.

Tekst og bilete: Vidar Riber, styremedlem i Hardangervidda ski og fjellsport AS

Dei har drive anlegget parallelt med at dei òg har hatt andre fulle stillingar. Dei har i tillegg hatt ansvaret for å køyre opp skiløyper i Sysendalen på vegne av Sysendalen løypelag, til saman nær 70 km, når alle løypene har vore klargjorde kvar helg frå jolehelga og fram til slutten av påskehelga.

Det har vore tradisjon med familiedugnad, både når anlegget skulle klargjerast for drift og opning 2. joledag, og det same når alt skulle plukkast ned og lagrast etter vinteren. Det har vore fast tradisjon at siste driftsdag for sesongen er 1. påskedag og 2. påskedag har familien stilt på dugnad for å demontere utstyr og få det i hus for sommarlagring.

I alle desse åra har desse gutane, som tok namnet Hardangervidda ski og Fjellsport AS, drive anlegget og utført alt nødvendig vedlikehald av skitrekket og elles anna nødvendig utstyr. Eigaren av anlegget, Eidfjord kommune, har stilt med finansiering for naudsynt oppgradering og vedlikehald. Det er HSF AS som har utført det meste av vedlikehald og det praktiske arbeidet. Dette samarbeidet har fungert godt og skianlegget på Maurset var eit av få anlegg som Taubanetilsynet ikkje fann avvik på eller hadde merknader til ved siste tilsyn.

Det har vore tradisjon med familiedugnad, både når anlegget skal klargjerast for drift og opning 2. joledag, og det same når alt skal plukkast ned og lagrast etter vinteren.

Skianlegget på Maurset er eit lite anlegg der inntektene er marginale, og det er svært viktig at drifta er så effektiv som mogeleg. Det betyr at dei som har ansvaret for drifta må ha kompetanse og kapasitet til å takle dei fleste utfordringar og løyse dei sjølve, noko desse gutane har vist at dei har fått til på ein svært god måte.

Når dei no takkar for seg og overlèt drifta av anlegget til andre ser dei fram til å kunne nyte tida i jole- og påskehelger samt vinterferiar i lag med familien, i staden for å sitje i trakkemaskiner nattestid for å klaregjere løyper og anlegg for drift for hytte- og bygdefolket.

Noko dei sjølvsagt har sett pris på er alle positive og hyggjelege tilbakemeldingar dei har fått oppgjennom desse åra for jobben dei har gjort, både frå eidfjordingar og alle som har hytter i Sysendalen. Dette – i tillegg til eit utruleg pågangsmot, har nok vore medverkande til at dei har orka å driva på slik dei har gjort i alle desse åra.

↑ Øystein Myklatun, Asbjørn Riber, Sondre Myrvang og Arve Riber

21. April dette året vart altså den siste familiedugnaden. Alt utstyr vart teke inn, i tillegg til at mykje av utsyret vart frakta ned til Eidfjord for lagring. Anlegget med varmestove og garasjeanlegg vart rydda og klargjort for nye drivarar.

Det er grunn til å takke desse 4 karane for ein enorm innsats gjennom 15 år. Det er truleg få som veit kor mykje arbeid dette har vore, i all slag vêr og til alle tider vinterstid, både natt og dag. Som forelder kan eg skrive under på at det har vore mange netter og lange arbeidsdagar som har måtta til for å oppretthalde eit godt tilbod til alle brukarane.

Påskeaftan vart siste driftsdag i år, dette grunna ekstremt lite snø. Men, det at dei kunne halde ope så lenge var nok takka vere snøproduksjon også i mars, noko som ikkje har vore vanleg tidlegare år. Snøproduksjonen har gått føre seg før jol vanlegvis.

Avslutningsvis vil eg håpe at det framleis vert drift ved skianlegget på Maurset og at løyper vert køyrde, slik at både bygdefolk og ikkje minst dei som har satsa på Sysendalen og bygd seg hytter der, får oppleve eit skisenter i drift og likeeins flotte langrennsløyper.

Ynskjer potensielle nye drivarar lukke til. ●

Bilete: Eidfjord kommune

Bilete: Eidfjord kommune

Heggjagarden og Sjøbua

Allereie i fyrste helvta av 1600-talet var det skysskifte på garden Vik. I 1720 bygsla sersjant Nils Olsen Heggen ein husmannsplass ved skysskiftet og skipa gjestgjevarstad med kro. Dette var lenge ein av mange gjestgjevarstader som dreiv utan løyve frå styresmaktene.

Tekst: Kommunalsjef for kultur, næring og berekraft Lisbeth Bygstad Celik

Denne aktiviteten kan seiast å vere kimen til tettstaden som vaks fram på Vikøyra. Tidleg på 1800-talet fekk så Heggjagarden status som privilegert gjestgjevarstad og øltapperi. I denne tida var marknaden fyrst og fremst overnatting knytt til fedriftene over fjellet, samt sal av øl og brennevin både til driftekarane og til lokale.

I 1842 overtok Magnus Johansson Myklatun og dreiv gjestgjevarstaden, no òg med landhandel, til stordom. Hovudbygningen og det store sjøhuset som står i dag, vart sette opp av Myklatun i 1853. I 1862 kom her også dampskipstopp. Denne vart ein milepæl for reiselivet, og landhandelen på Vik vart avgjerande i skiftet frå naturalhushald til pengehushald i Eidfjord.

Tida for fedriftene var no på hell, men det auka med nye gjestar: ein jamt aukande straum av turistar. I hovudbygningen var det overnatting medan det vart drive landhandel med bakeri i sjøbua.

Aktiviteten i sjøbua og Heggjagarden vart flytta over på Ostangen, og der kom dampskipskai og Hotel Vøringsfoss sto ferdig i 1890. I mai 2005 kom cruisekai, Heggjagarden er kome over i private hender og er i dag Sjel og Gane restaurant.

Sjøbua var igjennom ein større restaurering i 2009, der det vart gjort ein gode del med den primære berekonstruksjon ved ytterveggar og taket. I Eldhuset vart taket restaurert samt bakaromnen, som rasa saman , satt i stand i tillegg til resten av rommet.

Det vart arrangert bakekurs, og det har vore hyra inn bakarar som i to somrar baka brød og bollar til innbyggjarane og vitjande. Sidan har sjøbua vore brukt sporadisk til enkeltarrangement, og står no ovanfor eit større restaureringsarbeid.

Me har fått ein omfattande tilstandsrapport og restaureringsplan utarbeidd av Fartøyrvernsenteret, som syner at bygget har stor trong for omfattande restaurering både knytt til bolverket, veggar og tak. Restaureringsplanen vil ivareta både kulturhistoriske verdiar og trongen for klimatilpassing, inkludert tiltak for å handtere aukande vind- og nedbørspåkjenningar.

Ikkje minst er det laga eit framlegg til kailøysing som tek omsyn til havstigning, og til Venezia-charteret artikkel 9 som seier at nye deler skal vera gjenkjennlege men harmoniske, og ikkje etterlikna historisk teknikk.

Eidfjord torg og sjøfront

Tekst og bilete: Drift og forvaltning

Prosjektet Eidfjord torg og sjøfront sitt fyrste byggjetrinn skrid fram med store steg.

Målet med prosjektet har vore å løfta dette området og knytta det meir saman med resten av sentrum. Det vert mogleg å «promenera» langs fjorden frå kaia og ut til småbåthamna.

Det vert også laga ei lågare båtkai, slik at det er mogleg for mindre båtar å leggja til kai på ein betre måte enn tidligare. Entreprenør planlegg å rydda seg vekk frå området i løpet av veke 24.

Skulebesøk på Voss

Tekst og bilete: Lægreid skule v/Kari Sissel Bjotveit

9. klasse har vore på skulebesøk på Voss gymnas og Voss vidaregåande. På besøka får dei informasjon om dei ulike utdanningstilboda ved dei to skulane.

Det er to travle dagar med mykje informasjon og inntrykk, men det gjev ein liten forsmak på kva vidaregåande har å tilby.

Til hausten i 10. klasse skal dei velje seg to ulike utdanningsprogram som dei skal fylgje, altså ein dag på kvar.

Dette skal gjere elevane meir rusta til å gjere eit godt val når dei skal velje kva utdanningsprogram dei ynskjer å gå på, på vidaregåande.

Betre nærmiljø

Eidfjord kommune har plassert ut åtte behaldarar for hundeposar i Eidfjord og Øvre Eidfjord.

Tekst og bilete: Drift og forvaltning

Me håpar dette vil skapa eit betre nærmiljø for både innbyggjarar, vitjande og dei som jobbar med å halda grøntområda våre fine.

Alle hundeeigar har ansvar for å plukka opp etter hunden sin. Er du på tur og går treng hundeposar håpar me behaldarane kan koma til nytte.

Og hugs: den brukte hundeposen kastar du i næraste søppeldunk.

20 år med cruisehamn

Den 15. mai 2005 vart Eidfjord Cruisehamn opna. I talar på opningsdagen vart det lagt vekt på at hamna er strategisk og økonomisk viktig for Eidfjord og Hardangerregionen.

Tekst: Inge Tangerås, leiar i Visit Eidfjord KF

Fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg klypte snora. Til kai på opningsdagen låg «Albatros» med kaptein Thomas Røder. Cruisehamna vart bygd med økonomisk stønad frå Hordaland fylke. Entreprenør Arne Røynstrand utførte anleggsarbeidet. Jubileet vert markert på ymse måtar i Eidfjord.

Framtid

Cruisehamna har gjort det mogeleg for mange turistar frå ulike land å oppleva Hardanger og Eidfjord. Klimautfordringar og strenge krav frå EU om reduserte utslepp, medfører no storstilt utbygging av landstraum i norske og i europeiske hamner. Med stønad frå statlege Enova og partnerskap med Plug AS (Bergen) og Energiselskapet Hardanger, vil Eidfjord levera landstraum til cruiseskipa i 2027; ein viktig milepæl for Eidfjord og Hardanger.

> Cruisehamna har gjort det mogeleg for mange turistar frå ulike land å oppleva Hardanger og Eidfjord.

↑ MS Albatross - Det fyrste cruiseskipet som la til kai ved Eidfjord cruisehamn.

↑ Aud Opheim Lygre, fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg som snorklyppar og ordførar Ola B. Hereid.

Med landstraum tek Eidfjord kommune eit stort steg mot ambisiøse utsleppskutt i kommunen innan 2030, og tryggar framtida som cruisehamn.

For at alle skipa som som vitjar Eidfjord skal kunne kopla seg til og nytta landstraum, må kaien forlengast med 40 meter. I tillegg må det lagast plass ved kaien til plassering av anlegget.

For å unngå tap av viktige inntekter frå cruisetrafikken, er anleggsarbeidet planlagt vinteren 25/26 og installasjon av landstraumanlegget vinteren 26/27.

Med landstraum forsvinn utslepp og motorstøy frå cruiseskip; til gode for innbyggjarar, gjester – og ikkje minst for klimaet.

Bilete: Bergljot Maria Veivåg Hauso

16. mai på Tangen i Kinsarvik

Rundt 500 ungdommar frå Ulvik, Granvin, Ullensvang og Eidfjord koste seg i sola under det årlege rusfrie 16. mai-arrangementet som vart arrangert i Kinsarvik.

Tekst: Førebyggjingskoordinator Kari Lægreid

Frå Eidfjord var det 34 ungdommar og 7 vakter som var med. Dette er eit tilbod for dei frå 7. klasse og oppover.

Nytt i år var plasseringa. Til vanleg held arrangementet til i Husedalen ved skytebana og Go-kart bana, men grunna skadar under flaumen i vinter kunne me ikkje halda til her i år.

Det vart i staden rigga til på Tangen i Kinsarvik sentrum. Dette vart ein stor suksess! Ungdommane hadde mange kjekke aktivitetar å velja mellom. Nytt i år var at det gjekk tre rib-båtar på fjorden, og dette var skikkeleg populært.

I tillegg var det aktivitetar som klatring, zipline, bruskasse-stabling, paintball, lasertag, bobleballar, hoppetårn med meir. Ungdommane fekk gratis mat og drikka under arrangementet.

Kvelden vart avrunda med konsert. Både vaktar, ungdommar og arrangørar var svært nøgde med gjennomføringa i år. Tusen takk til alle som var med for å få dette til!

Bilete: Kari Lægreid

↑ **Bobleball på fjorden.**

Nyskapande aktivitets-anlegg

Over fleire år har Vestland fylkes-kommune hatt prosjektet Nyskapande aktivitetsanlegg der dei ynskjer å utvikla anlegg og uteområde som er nyskapande og inspirerande på tvers av aktivitetar og idrettar.

Tekst og bilete: Kultursjef Bergljot Maria Veivåg Hauso

Anlegga skal vera eit resultat av reelle behov og problem-stillingar i lokalmiljøa gjennom grundig kunnskapsgrunnlag, medverknad og berekraftige løysingar.

Prosjektet er delt i 5 fasar

- Fase 1: Attraktive skuleområde (nasjonal pilot)
- Fase 2: Attraktive skuleområde
- Fase 3: Nyskapande idretts-/aktivitetshallar
- Fase 4 og 5: Inkludering og sambruk (2024/2025)

Dei som kan søkja må vera i tidleg fase i eit anleggsutviklings-prosjekt. Det kan vera ulike typar anlegg, som t.d.:

- utandørs aktivitetsanlegg knytt til skule, idrettspark eller anna.
- innandørs aktivitets- eller idrettshall
- fleirbrukshus med kultur, samfunns- og aktivitetsfunksjonar

Fase 1, 2 og 3 i prosjektet har fått tildelt fylkeskommunale midlar til arkitektkompetanse til prosess. Midlane vert direkte betalt til dei ulike firmaa som er kopla på dei utvalde pro-sjekta. Fase 4 og 5 blir gjennomført med same rammer; som ei søknadsbasert ordning med fylkeskommunale midlar til arkitektkompetanse som skal nyttast til medverknads-prosessar. Vidare finansiering av detaljprosjektering og byg-ging må dei lokale prosjekta ta ansvar for. Fylkeskommunen bidreg med rådgjeving i høve anleggsutvikling.

Eidfjord er med

Eidfjord kommune har søkt om å få vera med i fase 5, og har i vår blitt vald ut som 1 av 4 kommunar som får vera med i prosjektet. Området me har søkt om er oppvekstområdet på Lægreid. Området består av skule, SFO, barnehage, kultur-skule, utandørs og innandørs idrettsanlegg og samfunnshus. Alle er bygd til ulike periodar og det er ikkje noko heilheitleg løysing på mellomromma og tilkomst til aktivitetane.

Målet for prosjektet er å sjå på kva aktivitetar og produksjon som skal føregå i området, avdekka sterke og svake sider ved dagens løysing og mogelege framtidige utfordringar, samt føreslå løysingar på desse.

Kommunen har allereie over fleire år avsett midlar til Lægreid skule med tanke på ei eventuell ombygging eller ny skule.

↑ Oversiktsbilete av område mellom skule, idrettshall og samfunnshus.

Det er også avsett midlar til moglegheitsstudie for skule, barnehage og samfunnshus i vedtatt budsjett. Me veit at det er utfordringar i området, og dette prosjektet vil hjelpa med å arbeida fram gode løysingar for området med eksterne midlar. Visjonen for prosjektet er: *Ein inkluderande møtestad for lågterskel aktivitet – sosialt, trygt og nyskapande*

Utfordringar

Området har ulike utfordringar som me ynskjer å få hjelp til å finna gode løysingar for. Det er ikkje gjort ei heilheitleg planlegging av området ved utbygging. Alle bygga er kome til i ulike tidsperiodar og med ulike formål.

Områda mellom bygga har vorte nytta til trafikk og parkering i staden for aktivitet og leik.

Opprinneleg var skogen ein del av den arkitektoniske utforminga for skule og samfunnshus. I dag er mange av trea vekke, og området er i stor grad dekka av asfalt og transportareal.

Ein inkluderande møtestad for lågterskel aktivitet – sosialt, trygt og nyskapande.

Det oppstår utfordrande situasjonar mellom mjuke trafikantar og bilar som skal til dei ulike tenestene i området.

Idrettsanlegga har også til dels fått annan bruk, og det er ikkje gode areal som høver for å flytta aktivitar ut av idrettshallen om ein skulle ynskja det.

Vidare arbeid

I desse dagar lyser Vestland fylkeskommune ut arkitektkonkurranse og vil i etterkant tildela arkitektkontor til dei ulike kommunane. Etter sommarferien vil me starta opp med arbeidet saman med arkitektane; Vestland fylkeskommune og Anlægsfonden.

Me har sett saman ei prosjektgruppe som vil ha hand om prosjektet, og så vil me knytta til oss fleire ressursar undevegs.

Lokal prosjektgruppe:

- Førebyggingskoordinator
- Assisterande rektor / kommunalsjef for oppvekst og utdanning
- Ungdomsrådet sin nestleiar
- Rådgjevar plan
- Kultursjef
- Kommunalsjef for drift og forvalting
- Ordførar – politisk representant (vald av formannskapet 10.03.25)

Samarbeidspartar: Styremedlem Eidfjord idrettslag, medlem i samarbeidsutvalet (SU), representant for føresette (FAU), leiar i fellesrådet, ungdomsrådet.

Målet er å ha eit ferdig arbeid som kan presenterast rundt årskiftet. Vidare arbeid med detaljprosjektering og bygging er noko som kommunestyret må ta stilling til i etterkant av dette.

Ynskjer du å lesa meir om nyskapande aktivitetsanlegg:

https://www.vestlandfylke.no/idrett-og-friluftsliv/nyskapande-aktivitetsanlegg/

Bilete: Heidi Kvamsdal

Tolegrenseanalyse for Eidfjord sentrum – kva no?

Eidfjord har lange tradisjonar for å ta imot vitjande og gjester. Reiselivet er ein viktig del av lokalsamfunnet vårt og vil også vera det framover.

Tekst: Visit Eidfjord og Eidfjord kommune

Slik reiselivet og lokalsamfunnet har utvikla seg, ser me no at infrastruktur kan tilretteleggjast og tilpassast betre til denne utviklinga.

I 2024 fekk Vestlandsforskning i oppdrag frå Eidfjord kommune å laga ei tolegrenseanalyse for kommunesenteret. Denne skulle bidra til å skaffa kunnskap om utfordringar, men også moglegheiter rundt trafikksituasjonen i sentrum.

Analysen syner at det i periodar kan verta for hektisk i bygda. Mykje folk og bilar samtidig og på same stad kan gå utover innbyggjarane sin trivnad, og ikkje minst oppleving av å kunne ferdast trygt og sikkert i eiga heimbygd. Det kan opplevast negativt når ein skal på butikken, til legen eller på biblioteket, med andre ord bruka kommunesenteret sitt til daglege gjeremål. Det er viktig å ta omsyn til både innbyggjarar og gjester sin trivnad i sentrum, samstundes som ein skal tilretteleggja for å styrka den lokale økonomiske verdiskapinga. Dette byr på utfordringar, men òg store moglegheiter for næringslivet.

Vestlandsforsking har peika på utfordringar, men også på konkrete tiltak knytt til oppstramming av infrastruktur for både

Mykje folk og bilar samtidig og på same stad kan gå utover innbyggjarane sin trivnad, og ikkje minst oppleving av å kunne ferdast trygt og sikkert i eiga heimbygd.

mjuke og harde trafikantar. Dei peikar på at dette bør koma på plass før ein inviterer fleire gjester til bygda. Ved å få ein betre struktur på trafikkavviklinga, kan ein løyse dei største utfordringane.

Eidfjord kommune og Visit Eidfjord jobbar saman for å gripa fatt i konkrete forbetringspunkt på dette området. Nokre av tiltaka hastar meir enn andre, og me har som mål å få desse på plass så fort som råd. Det å fokusera meir på tilbod me har i oktober og april for å strekkja sesongen, er også tiltak som kan betre situasjonen i dei mest hektiske månadane.

Torg og sjøfront med område for opphald og rekreasjon er under arbeid, og ein ser store framsteg kvar dag.

Eidfjord kommune har i budsjettet for 2025 sett av midlar til ein besøksforvaltningsplan for Eidfjord. Her vil ein fokusere på problemstillingane og moglegheitene som kjem fram i tolegrenseanalysen, og sikre eit godt samspel mellom vitjande og innbyggjarane.

Lokalsamfunnet skal vera i fokus, og målet med ein besøksforvaltningsplan er å utvikla reisemålet Eidfjord til å bli ein god stad å bu, og dermed også ein god stad å vitja.

Vekselbanken har utvida satsinga i Hardanger, og har no 3 tilsette i Eidfjord.

Har du lyst til å verta kunde, ta kontakt med Lillian, Anne Lise eller Trude. Du finn oss kvar dag i våre nye lokale i Sentrumstunet, eller på telefon og e-post.

vekselbanken.no

Me er ein god medspelar for kundane våre i alle livsfasar og situasjonar. Du får personleg service og rådgjeving i samspel med smarte digitale løysingar.

post@vekselbanken.no
Tlf. avd. Eidfjord: 975 52 501 (tys, ons og tors).

Vekselbanken
Ein god medspelar

Tildeling av nærings-prisen på 17. mai

Næringsprisen vart oppretta i 2007 og skal heidra verksemder som med initiativ, nyskaping og vidareutvikling skapar varige verdiar for lokalsamfunnet gjennom miljøsatsing, god service, nytenking, ungdomsfokus og profilering av Eidfjord.

Tekst: Ordførar Timo Knoch

Bjørn og Iliyana Midtbø mottok næringsprisen.

17.mai-toget på veg frå tusenårsstaden mot bygdaheimen.

Årets vinnar av næringsprisen, Bjørn og Iliyana Midtbø i Eidfjord Autosalg AS, er eit strålande døme på ei verksemd som har vakse fram frå idé, vilje og handlekraft.

Det starta med Bjørn, som skapte sin eigen arbeidsplass i 1998. Etter eige utsagn var det ikkje mange som hadde trua på han i starten, men i dag er det ei familieverksemd i utvikling med fleire tilsette, og som har seld fleire tusen bilar til nøgde kundar over heile landet i løpet av dei siste 27 åra!

Verksemda har utvikla seg gjennom åra, tilpassa seg marknaden og nådd nye kundegrupper. Det som starta som reint bilsal i 1998 er i dag ei verksemd som òg leigar ut bilar til tilreisande.

Særleg i bilutleiga ser me at denne verksemda ikkje berre tenkjer på seg sjølv. Her får kundane også tips om lokale opplevingar, attraksjonar og reisemål – både i Eidfjord og i resten av regionen. På denne måten bidreg dei til å løfta heile området, og skapa ringverknader for andre deler av næringslivet.

I møte med kundane ligg ei anna styrkje; for Bjørn og Iliyana er ikkje service eit slagord – det er ein kultur. Kundane vert møtt med ei genuin interesse og engasjement for faget. Det gjer inntrykk på kundane, og gjer at dei kjem attende.

Eidfjord Autosalg AS har òg visuelt marknadsført Eidfjord; Bjørn har konsekvent brukt fjordutsikta og landskapet rundt som bakgrunn for bileta av bilane sine. Så me kan trygt seia at dei er gode ambassadørar for Eidfjord!

Eg håpar at Eidfjord Autosalg AS vil fortsetja den positive utviklinga. Det lovar godt at Bjørn og Iliyana involverer og gjev arbeidserfaring til den neste generasjonen. Dotter deira Britt Victoria er involvert i drifta, og står på lønningslista.

Når ungdom får reell tillit og oppgåver i familiebedrifta byggjer ein framtida for både verksemda og lokalsamfunnet!

Toget på veg mot samfunnshuset etter ein stopp ved bygdaheimen.

17. mai-feiring på Bu

Tekst og bilete: Linda Ågotnes Kaland

17.mai-toget gjekk frå Bu grendahus kl. 14, til toppen av Indre Bu og ned att til grendahuset.

Det fine vêret gjorde at alle kunne samlast ute i hagen. Då toget kom attende til grendahuset vart det allsong av «Ja, vi elsker». Komiteen ynskte velkomen, etterfulgt av tale for dagen ved Margrethe Bu. Det var matsal, der mellom anna dravle og rjomagraut stod på menyen. Kaffi, kaker og is etterpå, som seg hør og bør. For dei som ville var det natursti, bordkonkurransar og diverse leikar.

17. mai-songhefte og Bukopp.

Ostekaka med norskeflagg.

Skulehuset på Bu, komiteen ynskjer velkomen og allsong av Ja vi elsker!

Deltok i First Lego League med ein robot som skal suga opp kråkebollar

Før jul var Kjell Magnus Norderhaug rådgivar for 6. og 7. klasse på Lægreid skule i deira Lego League-prosjekt. Årets tema i First LEGO League Scandinavia 2024 var «Submerged».

Tekst: Havforskningsinstituttet v/rådgjevar Ingunn E. Bakketeig | **Bilete:** Lægreid skule

Problemstillinga var tareskogen som forsvinn frå norskekysten. Elevane stilte spørsmålet: Korleis skal me kunna redda den frodige tareskogen frå å bli eten opp av kråkebollar?

Etter idémyldring, teikne- og skriveoppgåve med forslag til løysing, kom elevane fram til ein kråkebollemaskin. Dei undersøkte kva som fanst frå før ved å snakka med ulike forskarar, og dei leita etter informasjon på internett. Mot slutten av arbeidet kontakta dei HI-forskar Kjell Magnus.

Eitt av tipsa dei fekk, var å bruka maskinlæring til bildeanalyse. Dei tok utgangspunkt i AUV-ane (Autonomous Underwater Vehicle) Havforskningsinstituttet nyttar. Resultatet blei ein robot som kan suga opp kråkebollar frå havbotnen.

Elevane frå Lægreid skule blei nominert til ein av dei tre beste med sitt innovative prosjekt: kråkebollemaskin.



↑ Robot med grabb og doserblad.

Som kommunalsjef må ein kunne litt om mykje

Eg byrja i stillinga som kommunalsjef for oppvekst og utdanning 1. april og har, når dette blir skrive, vore i stillinga i vel ein månad. Å arbeida som kommunalsjef i ein liten kommune inneber å kunna litt om mykje. Ein må ha evne til å handtera ei rekke ulike fagfelt samtidig, vera operativ, og sjå dei lange linjene. Dette er noko av det eg finn interessant og spennande med arbeidet, og er ein av grunnane til at eg søkte på denne stillinga i Eidfjord.

Eg har blitt tatt godt imot og har fått eit godt inntrykk av kommunen. Eg har møtt mange engasjerte og dyktige tilsette som eg skal samarbeida med framover. Me skal saman fortsetja det gode arbeidet for barn og unge i kommunen. Det gler eg meg til!

Å kunna bidra til utvikling av gode oppvekstvilkår for barn og unge i Eidfjord kommune, god samhandling og vidare arbeid for god kvalitet i tenestene, ser eg som ei viktig og motiverande oppgåve.

> Me skal saman fortsetja det gode arbeidet for barn og unge i kommunen. Det gler eg meg til!

Eg kjem frå stillinga som regionkoordinator i Hardanger/Voss kompetanseregion. Hardanger/Voss kompetanseregion er fem samarbeidande kommunar innan oppvekst og utdanning; Eidfjord, Kvam, Ulvik, Ullensvang og Voss. Eg har arbeidd innan oppvekstadministrasjon som kommunalsjef oppvekst, verksemdsleiar for PPT og logopedtenesta, rådgjevar for støttetenester og rådgjevar for oppvekst og kultur. Eg har også hatt rolla som barnehagemynde og hatt ansvar for tilsyn i barnehagar. Før eg gjekk til stillinga som rådgjevar for oppvekst og kultur, arbeidde eg som verksemdsleiar i barnehage.

Eg vaks opp i Odda, og etter vidaregåande flytta eg til Sunnhordland der er jobba og tok utdanninga mi, før turen gjekk tilbake til Hardanger. Me busette oss på Lofthus, der eg framleis bur. Hardanger er ein flott stad å bu når ein likar å være ute i naturen, i li og på fjellet, og på og ved sjøen. Eidfjordfjellet har vore «fjellet mitt» med mange turar både vinter og sommar opp gjennom åra. Ellers på fritida blir det gjerne yoga og frisbeegolf. Frisbeegolf kombinerer fysisk aktivitet og friluftsliv på ein god måte, og saman med vener eller familie blir det sosialt og kjekt.

Eg ser fram til å bli betre kjent med Eidfjord kommune og vidare samarbeid med alle samarbeidspartar.

Eg ynskjer alle ein god sommar når den tida kjem!

Bilete: Daniel Hesjedal Wiberg

Eva Karin Hesjedal Wiberg

- Kommunalsjef oppvekst og utdanning
- 57 år
- Fire vaksne born
- Driv med yoga og frisbeegolf på fritida

Fagdag for reinhaldarar

Den 2. april 2025 var det duka for fyrstegongsprosjekt med kommunal fagdag for reinhaldarane i Øystesehallen.

Tekst og bilete: Leiande reinhaldar Eldbjørg Stenberg

Med Kvam som vertskommune, gjekk nabokommunane ved reinhaldaldsleiarane i Ullensvang, Voss , Ulvik og Eidfjord kommune saman om eit interkommunalt samarbeid. Målet var å fylla opp Øystesehallen med ein felles kjekk fagdag for reinhaldarane. Ein dag med fagleg påfyll, foredrag, utvikling, quiz og sosialisering.

Til saman møttes ca. 150 reinhaldarar og 8 leverandørstands, med ulike produkt og maskiner for framsyning. Reinhaldsteamet frå Eidfjord tok felles buss med reinhaldarane frå Ullensvang.

Her fekk me moglegheit å prøva ut maskiner og utstyr, samt at ergonomikurs og nyteknologi var på menyen. Me kunne her sjå mykje spanande som skjer på reinhaldsfronten av både utstyr, og korleis me kan arbeida smartare ved bruk av meir bærekrafitge, miljøvenelge metodar å arbeida på.

Ikkje minst er det fleire system som er blitt videreutvikla med bruk av sensor for sparing av tidsbruk. Til dømes så fins det sensorsystem som kan varsla når det er halvvegs eller nesten tomt for tørkepapir. Dette er avhengig av at reinhaldar har eit digitalt system knytt opp via app, og kan vera med å gje ei betre serviceløysing. Reinhaldaren sparar i tillegg tid på opna og sjekka behaldaren om det er tomt med papir. Dette er også bærekraftig med hensyn til at du slepp å skifta ut halvfulle hylser, og det vert kasta mindre rest-tørkepapir.

↑ Reinhaldarane samlast i Øystesehallen.

↑ Lilleborg demonstrerer robotmaskin.

Når det gjeld preventivt reinhaldsarbeid var bedrifta N3 til stades og presenterte reinhaldssoner. Kort fortald går dette ut på større entrèmatter som er nedbygd, til dømes i golvet, og tilpassa på mål. Dette forhindrar mest mogleg smuss i å komma inn lengre i bygget. Målingar og undersøkingar visar mellom anna at innemiljøet vert betre, du unngår ein del ekstraarbeid for reinhaldarane, samt at inngangspartiet får eit betre estetisk løft.

Alt i alt er reinhaldssoner bør noko me bør investera i på sikt, og då særleg i nybygg. Underteikna er kjend med reinhaldssoner, og har gode erfaringar med slike entrèløysingar frå tidlegare arbeid.

Kort oppsummert så fekk fagdagen gode tilbakemeldingar frå reinhaldarane i alle kommunane, og i heilheit var me veldig nøgde med dagen.

Totalscore for samlinga vart 5,1 (1 dårlig og 6) bra) frå evalueringsskjema. Halvparten av svar me fekk inn skreiv «ja» på spørsmålet om me bør gjenta samlinga. ●

FRIGJERINGSDAGEN

Me minnast sambygdingar som gjekk bort

Takk til alle frammøtte på markeringa av 80-årsdagen for frigjeringa 8. mai 1945. Ein stor takk også til 8. klasse, som las diktet «Aust-Vågøy» av Inger Hagerup og stod for kransenedlegginga.

↑ **Ordføraren tala til dei frammøtte.** Bilete: Hans Peter Scraudner

Tekst: Ordførar Timo Knoch

I dag er det 80 år sidan Noreg vart frigjort etter fem år med tysk okkupasjon. Då tyskarane invaderte Noreg 9. april 1940, vart mange nordmenn overvelda av sjokk og redsel. Åra frå 1940 til 1945 var prega av både frykt og usikkerheit, men òg av motstand og solidaritet.

Under okkupasjonen opplevde nordmenn ein konstant trussel frå den tyske militærmakta og Gestapo. Mange levde i frykt for å verta angitt av naboar, eller verta tvungen til å samarbeida med okkupasjonsmakta.

Den daglege kampen for å oppretthalda ei normal tilvære kunne vera ei stor belastning, og mange kjende på maktesløyse.

Motstandsrørsla, som bestod av både modige menn og kvinner, spelte ei viktig rolla i å oppretthalda håpet og motet i befolkninga. Sabotasjeaksjonar og hemmelege møte var risikable, men dei gav ei kjensla av samhald og styrke. Historiar om heltemodige handlingar og solidaritet spreidde seg og gav folk trua på at fridommen ein dag ville koma attende.

Då Noreg endeleg vart frigjort 8. mai 1945, var gleda og lettelsen enorm. Folk strøymde ut i gatene for å feira, men mange bar framleis på dei emosjonelle arra frå 5 år med okkupasjon. Minna frå denne perioden har sett djupe spor i den norske folkesjela, og er ein viktig del av landet si historie.

Eidfjord har òg si historie frå okkupasjonen. Bygdeboka fortel om både dramatikk og det meir daglegdagse; opplyftande historier om dei som hjalp folk å flykta til England og Sverige, om kontakten mellom lokalbefolkninga og dei russiske krigsfangane, og ikkje minst om kvardagen under okkupasjonen. Desse 5 åra inneheld òg bekmørke kapittel; arrestasjonar med fysiske og psykiske konsekvensar for fangane, og mangel på mat og klede.

Det mest tragiske var at tre sambygdingar mista livet sitt under krigen:

- Torbjørn Riber (1915-1940) fall under kampane i Valdres.
- Olav Bremnes (1913-1942) omkom under åtak på frakteskipet Selje i nærleiken av Emden.
- Eiliv Garathun (1901-1944) mista livet under senking av fangetransporten Westphalen utanfor Göteborg.

Me lyser fred over deira minne.

I dag minnast me frigjeringa, men me må òg tenkja framover. George Santayana, ein spansk-amerikansk forfattar og filosof, sa: «Dei som ikkje kan hugsa historia er dømde til å gjenta den». I dag lever rundt 260.000 menneske i Noreg som er 80 år eller eldre.

FORTSET →

← **Biletet er henta frå digitalt museum**

Det tilsvarar i underkant av 5% av befolkninga. Desse har, meir eller mindre bevisst, opplevd krigstida og frigjeringsdagen me markerer i dag.

Det betyr samstundes at 95% av oss aldri har opplevd krig. Populærkulturen har halde minna levande gjennom ei lang rekke bøker, teikneseriar og kanskje mest filmar om den norske krigshistoria og særleg motstandsbevegelsen.

Kanskje er det like viktig, om ikkje viktigare, å fokusera meir på tida før krigen braut ut? Korleis kom verda dit at ein væpna konflikt kunne kosta mellom 50-70 millionar menneskeliv frå Nord-Europa til Asia?

> Historiar om heltemodige handlingar og solidaritet spreidde seg og gav folk trua på at fridommen ein dag ville koma attende.

I vinter las eg boka 1913 av Florian Illies. Ho beskriv kvardagslivet til ei knippe kjendisar frå den tida, som Picasso, Marc Chagall, Thomas Mann med fleire gjennom heile 1913. Alt frå huskjøp og feriereiser til forkjøling og hjartesorg er tema. Ingenting i dei store linjene tyder på at samfunnet stod på randen av den fyrste verdskrigen.

Dog er det små drypp, nokre få setningar om politikk, kaiserfamilien i Austerrike og den tysk-franske konflikten som i etterpåklokskapens ljos hintar om skjebnen til det europeiske kontinentet. Men dei druknar i dei kvardagslege beretningane, og me får ei aning om at folk flest ikkje var klar over kva 1914 var i ferd med å bringa.

Den romerske diktaren Ovid er opphavsmann til ordtaket «Principiis obsta!» som kan omsetjast til «Stå imot frå byrjinga!». I ei tid der stadig fleire land igjen utviklar seg i ein meir autokratisk retning, er det viktig at me hegnar om vårt demokrati og vår solidaritet samstundes som me styrkar vår beredskap og forsvarsevne.

Mitt håp er at me som nasjon, og saman med oss mange av våre allierte, står imot truslane mot våre demokratiske verdiar. Det er her kampen står, dette er vår generasjon sin store utfordring!

Ja, vi elsker dette landet

som det stiger frem

furet, værbitt over vannet

med de tusen hjem.

Og som fedres kamp har hevet

det av nød til seir,

også vi, når det blir krevet,

for dets fred slår leir.

Kva gjer ungdomsrådet?

Eidfjord ungdomsråd består av 5 faste medlemmar og 1 vararepresentant. Leiar og nestleiar i ungdomsrådet er også med i Hardanger Ungdomsråd. Det vert halde val innan 1. januar kvart år. Medlemmane vert vald for 1 og 2 år i samsvar med vedtektene for Eidfjord ungdomsråd

Tekst: Anders Myklatun Hole, leiar i ungdomsrådet

Me i Eidfjord ungdomsråd har stort sett seks til sju møter i året. Me har no laga ein møteplan som føl møteplanen til kommunestyret. Det vil seia at me har satt opp møter i mellom formannskapet og kommunestyret. Dette gjer at me får god innsikt i kva som rører seg lokalt, og dersom det er saker me ynskjer å seia noko om har me moglegheit til det.

Me får òg eigne saker direkte til ungdomsrådet. Som til dømes søknadar om midlar til ulike tiltak som er retta mot barn og unge.

> I tillegg til at me sit i ungdomsrådet i Eidfjord og er klubbstyre til fritidsklubben har me representantar i Hardanger og Voss ungdomsråd.

I tillegg til at me sit i ungdomsrådet i Eidfjord og er klubbstyre til fritidsklubben har me representantar i Hardanger og Voss ungdomsråd. Der har me delteke på ein opplæringskonferanse om korleis me kan driva politisk arbeid og debatt. Under konferansen fekk me mellom anna høyra frå ein stortingsrepresentant, noko som var både lærerikt og inspirerande.

Som leiar i ungdomsrådet reiste eg på fylkesting for ungdom, arrangert av Vestland ungdomsutval. Dette var både ein sosial møteplass og ein arena for gode debattar og engasjerte innlegg frå ungdommar frå heile fylket.

Har du innspel til saker til ungdomsrådet kan du ta kontakt med leiar eller sekretær.


Bilete: Eidfjord kommune

Medlemmar i Eidfjord ungdomsråd

VERV	NAMN	FUNKSJONSTID
Leiar	Anders Myklatun Hole	2024 + 2025 (2 år)
Nest-leiar	Eivind Bu	2024 + 2025 (2 år)
Medlem	Torgeir Bu	2025 + 2026 (2 år)
Medlem	Tuva Stakseng Ukvitne	2025 + 2026 (2 år)
Medlem	Simen Bergman	2025 + 2026 (2 år)
1. vara	Emilia Ingrid Elvgaard	2025 (1 år)

Sekretær for ungdomsrådet er varaordførar Kari Lægreid.

LANDS KAPPLEIKEN

Eidfjord
25.–29. juni
2025

LANDSKAPPLEIKEN

Fem dagar med musikk og folkedans

Landskappleiken 2025 vil finna stad i Eidfjord frå 25. til 29. juni. Arrangementet samlar kring 1000 aktive utøvarar, og det er venta minst 5000 vitjande til bygda.

Tekst: Hardanger spelemannslag v/kappleiksnemnda | **Bilete:** Elisabeth Emmerhoff

Opningskonserten har fått namnet «Her har me butt» som er inspirert av diktet «Her har eg butt», skrive av Olav H. Hauge.

Konserten syner musikken, dansen og naturen som finst i Hardanger - korleis alt heng saman i ei felles tilhøyrsle. Publikum får oppleva eit levande folkemusikkmiljø som blømer på tvers av generasjonar. Ein møter kjende og kjære musikarar, eit gjenhøyr med utøvarar ein har sakna, songarar frå både Voss, Hardanger og Kvinnherad, born, spelemannslag, toradarmusikk og dansarar. Konserten vert sydd saman med fortjeling, musikk og bilete. Lajla Renate Buer Storli er regissør for konserten.

Konsert: Dei syngjande

Kvedarar frå Voss og Hardanger møtest i Eidfjord gamle kyrkje der songen står i fokus. Publikum vil få høyra eit breitt spekter av den lokale songtradisjonen. Frå vare bånsullar, tåredryppande balladar og inderlege salmar, til lystige stev og vilter lokking, presentert både i samsong og kvar for seg.

I 2011 engasjerte Ullensvang kyrkje Rannveig Djønne til å skriva ny gudstenestemusikk i folkemusikkstil. Messa fekk namnet

«Folkemusikkmesse frå Hardanger». Fyrst og fremst skulle songane vera inspirerte av folkemusikken i Hardanger, enkle å hugsa for kyrkjelyden og sangbare. Messa har vore mykje nytta etter urframføringa i 2012, både i Hardanger og andre stader.

Under folkemusikkmessa i Eidfjord kjem ein til å få oppleva utøvarar på hardingfele, vokal, toradar, trekkspel, tverrfløyte, dans og song. Koristar frå Toneskredo, Chorus 80 og Songria kjem til å delta som forsongarar. Forfattar Ruth Lillegraven frå Granvin skal lesa dikt som ein del av preika. Komponist av messa; Rannveig Djønne skal både organisera messa og vera med og spela. Ho har også med seg arrangør av musikken; Silje Hveem Lofthus på tverrfløyte.

> Frå vare bånsullar, tåredryppande balladar og inderlege salmar, til lystige stev og vilter lokking, presentert både i samsong og kvar for seg.

Meisterkonsert

Me avsluttar sjølvsagt Landskappleiken 2025 med meisterkonsert. Her får me høyra og sjå mange av vinnarane frå årets kappleik. Me får og vita kven som vinn klassa Dans hardingfele A og som dermed vinn årets kongepokal!

FORTSET →

PROGRAM
Landskappleiken 2025

ONSDAG 25. JUNI

Idrettshallen
19:30 Opningskonsert

Samfunnshuset
16:30 Super D

TORSDAG 26. JUNI

Idrettshallen
10:00 Dans Hardingfele B
15:00 Lagspel jr. & sr.
21:00 Premieutdeling

Samfunnshuset
10:00 Gruppespel
12:00 Spel Hardingfele C
16:00 Open klasse

Eidfjord kyrkje
12:00 Spel Fele C
14:00 Vokal C

Vøringsfoss Hotell
12:00 Sjokoladekappleik
15:30 Førestilling: Kraftens røtter

Gamlekyrkja
19:00 Konsert: Dei syngjande

Ungdomshuset
20:30 Plateslepp: Øivind Vabø

FREDAG 27. JUNI

Idrettshallen
10:00 Lagdans jr. og sr.
16:00 Halling C
17:00 Spel fele A
19:30 Dans fele A
21:00 Premieutdeling

Samfunnshuset
10:30 Spel Hardingfele B
17:30 Dans Hardingfele C

Eidfjord kyrkje
12:00 Vokal A
16:00 Eldre folkemusikk-instrument

Vøringsfoss Hotell
12:00 Sjokoladekappleik
14:30 Familieframsyning
16:00 Kvedarkrok
17:00 Førestilling: Danse mi dokke, springe min hest

Ungdomshuset
18:00 Plateslepp: Knut Hamre

LAURDAG 28. JUNI

Idrettshallen
10:00 Dans Hardingfele A
13:00 Spel Hardingfele A
17:00 Halling B og A
20:00 Finalar
22:00 Premieutdeling

Samfunnshuset
10:00 Durspel junior og senior
13:00 Dans fele C og B
15:30 Spel fele B

Eidfjord kyrkje
11:00 Vokal B

Vøringsfoss Hotell
12:00 Sjokoladekappleik

Ungdomshuset
15:00 GNIST-samling

Tusenårsplassen
14:00 Gokartevling

SUNDAG 29. JUNI

Eidfjord kyrkje
10:00 Folkemusikkmesse

Idrettshallen
12:00 Meisterkonsert

Dansespel
Matteltet, idrettshallen, samfunnshuset og ungdomshuset
15:00 Ta deg ein svingom til god dansemusikk heilt fram til klokka 02.00 under heile festivalen!

Under folkemusikk-messa i Eidfjord kjem ein til å få oppleva utøvarar på harding-fele, vokal, toradar, trekkspel, tverrfløyte, dans og song. Koristar frå Toneskredo, Chorus 80 og Songria kjem til å delta som for-songarar.

FORTSET →

Bornas landskappleik

Landskappleiken er også festivalen for dei yngste. I Eidfjord vert det eit mangfaldig program for borna, kvar einaste dag!

Sjokaldekappleik

Sjokoladekappleiken er ei scene for born under 12 år. Dette er ikkje ei vanleg tevling med poengtevling og rangering, men ei mønstring for dei som ynskjer å delta. Her er det ope for alle folkemusikalske uttrykk, anten det er å dansa, syngja eller spela instrument. Det er gratis å delta, og ein kan stilla både åleine eller saman med andre. På Sjokoladekappleiken bognar det med sjokolade! Og dommarane er svært rause med sjokoladepremiane.

Det vert Sjokoladekappleik både torsdag, fredag og laurdag. Velkomne til den kjekkaste og viktigaste kappleiken i Eidfjord!

Kraftens røtter

Kva er kraft? Kor kjem den frå, og kven lagar han? Ein ting er sikkert, Oslo har vorte eit kraftsentrum for folkedans. Ungdommen i BLS Ung har leika med, utforska og oppdaga all krafta som finnes i folkedansen og i det å danse saman! Velkommen til ein kraftsirkel av folkedans!

Familiedans

Torsdag, fredag og laurdag inviterer me små og store til Familiedans. Kvar dag opnar me dansegolvet med eit forrykande dansespel for heile familien. Her kan borna få visa sine beste hattespark og dansemoves. Kven veit - kanskje dukkar det opp nokre overraskingar? Dette kan de ikkje gå glipp av!

Familieframsyning

Bergen Ungdomslag Ervingen har i 2024 hatt eit fordjupingsprosjekt i folkemusikk og folkedans med elevar i alderen 13–19 år. No vil dei visa noko av det dei har jobba med og held konsert på Lanskappleiken i Eidfjord. Etter konserten speler dei opp til familiedans!

Danse mi dokke, springe min hest

I denne førestillinga får me møta dei mystiske dansedokkene til Berit på Pynte. Når Berit speler på langeleiken sin, byrjar både små og store dokker å dansa. Korleis får ho det til? Er det ein slags magi i den gamle musikken som vekkjer dei til live? Og er det eigentleg noko kjekt å vera ei dansedokke, når du berre får dansa når ein annan bestemmer det? Medverkande er Ingrid Lingaas Fossum og Brigitte Halldis Blomlie.

Gokartevling

Laurdag sparkar me i gong Gokartevling i Eidfjord sentrum. Dette er ein konkurranse i eit såkalla godkarstykkje, altså den akrobatiske delen av hallingdansen. Her tevlar dei sprekaste og tøffaste lausdansarane om å hoppa høgast og lengst, og danse best. Vent deg høge spark og flygande hattar!Dette er gjevt og moro å sjå på for heile familien. Programleiarane er sjølvaste Martin Myhr og Jon Ellingsen.

Hardanger Matkulturfestival kjem til Gokartevlinga og vil selja lappar og kaffi, så her vert det liv og røre i Eidfjord sentrum.

I Modnen barnehage skal alle kjenna at dei er viktige

Grete Næss, 46 år, er fødd og oppvaksen her i vakre Eidfjord. Etter nokre år vekke frå bygda, med skule og arbeid på Voss og i Bergen, flytta eg heim att til Eidfjord i 2002 saman med med mannen min Svein og sonen vår Sindre, som no er vorte 23 år. Sidan har familien vorte større og eg er mamma til Ina Elisabeth på 19 år, og Marthinius som snart er 16.

Eg er ein familiekjær person, og så er eg veldig glad i dyr! Eg har tre fine pusekattar og ein hund som heiter Molly! På fritida trivst eg aller best saman med familien og dyra mine, og saman med gode vener. Eg likar å vera ute i naturen – anten det er ein fjelltur, fisketur, sopptur eller berre ein god trimtur her i Eidfjord.

> Som styrar er eg oppteken av å drifta ein trygg, stabil og god barnehage saman med eit dyktig og fagleg engasjert personale.

Eg er utdanna barnehagelærar ved høgskulen på Vestlandet. Dei siste to åra har eg teke vidareutdanning i systemisk familieterapi og relasjonelt arbeid. Til hausten er planen igjen å studera, då eg skal ta den nasjonale leiarutdanninga for styrarar i barnehage ved NHH i Bergen.

Eg byrja i Modnen barnehage i 2008. Sidan då har eg jobba der både som assistent, og etter kvart som barnehagelærar/pedagogisk leiar før eg gjekk over i ny stilling som styrar frå 1. februar i år.

Som styrar er eg oppteken av å drifta ein trygg, stabil og god barnehage saman med eit dyktig og fagleg engasjert personale. Barnehagen skal vera i kontinuerleg endring og utvikling i takt med samfunnet rundt oss. Me må jobba målretta og systematisk med kvalitetsutvikling for å kunne tilby det beste barnehagetilbodet til familiane i Eidfjord. Ein viktig del av dette arbeidet er å vera pådrivar av fagleg utvikling, rettleiing, og refleksjon rundt eigen praksis.

Ei av dei aller viktigaste oppgåvene mine er å sikra at alle born opplev barnehagen som ein trygg, inkluderande og lærerik sosial arena - ein plass der dei kjenner tilhøyre og meistring. Eg har ansvar for at me driv ei pedagogisk verksemd i tråd med barnehagen sin rammeplan og barnehagelova.

Det å få ta vare på det viktigaste ein familie har – barna sine, er eit stort ansvar og eit ærefullt mandat. Difor er eg oppteken av å byggja gode, trygge relasjonar til dei viktigaste personane i barnet sitt liv: foreldra. I Modnen barnehage skal alle kjenna at dei er viktige, og at det alltid er rom for å ta opp både små og store ting med oss. Alle familiar er ulike, og det fins ingen fasit på korleis ein skal vera som foreldre og familie. Men alle skal kjenna seg velkomne og respekterte hjå oss.

Grete Næss

- Styrar i Modnen barnehage
- 46 år
- Gift og mor til tre born
- Fødd og oppvaksen i Eidfjord

HANDBAK-NM I EIDFJORD

13 meisterar frå Hardanger

Hardanger Handbakklubb arrangerte NM i handbak i Eidfjord 28.–29. mars. Det er fyrste gong arrangørklubben tek på seg eit slikt ærefullt oppdrag. Med mykje erfaring frå den internasjonale konkurransen Hardanger Open – eit stemne som aukar i storleik kvart år – vart det bestemt at klubben skulle søkja om å få NM i 2025.

Tekst og bilete: Hardanger handbakklubb v/Tom Meland

Samtalane med Eidfjord kommune starta rett etter NM i Bergen i 2024 og førte fram til eit stort, vellukka arrangement. Med mykje hjelp frå Eidfjord kommune og ordførar Timo Knoch i spissen fekk me tromma saman bygdefolk, sponsorar, skuleklassar og overnattingsstader til å støtta opp om arrangementet. Med Eidfjordhallen som konkurransestad og Vøringfoss Hotel som base for andre aktivitetar hadde alle tilreisande og lokale kort veg til alt som skulle skje. Det er flott å kunne syna resten av Noreg at me har arrangørbygder som Eidfjord som er løysingsorienterte, smidige og fikser alt med ja-mentalitet og eit smil.

> Det er flott å kunne syna resten av Noreg at me har arrangørbygder som Eidfjord som er løysingsorienterte, smidige og fikser alt med ja-mentalitet og eit smil.

↑ Sindre Hellevang i duell.

I alt 210 deltakarar kom for å tevla. Det var opna for påmelding i over 50 klassar, fordelt på alder, vekt og kjønn. Samt klassar for sitjande og ståande for parautøvarar. Aldersspennet var frå 13 år til nær 60 år, og fleire var på sin aller fyste konkurranse. Ekstra kjekt var det at me fekk med nye juniorar i jente- og guteklassar frå vår region.

Hardanger Handbakklubb vart beste klubb samanlagt med sine 371 poeng. 13 gull, 23 sylv og 9 bronsemedaljar. Klubben er den største i Noreg med medlemmer frå m.a. Eidfjord, Odda, Vaksdal og Voss. Tretten nybakte noregsmeistrar kan no ta ei velfortent kvile med ein gullpokal på hylla.

Me inviterte to æresgjester: Heidi Andersson og Arne Thuen. Heidi Andersson er ein stor idrettsprofil med sine ti VM-gull, tre EM-gull og medaljar i alle valørar frå SM og andre internasjonale meisterskap. Ho bur i den vesle bygda Ensamheten, Västerbotten, Lappland og er gift med skiskyttaren Björn Ferry. I 2004 vart det laga ein dokumentarfilm om den imponerande

↑ Sofia og Amieliia på pallen.

karrieren til Andersson og hennar oppvekst med gardsdrift og armbryting. Denne filmen vart satt opp på kinoen i Eidfjord med to framsyningar på fredagen. Heidi Andersson hadde også eit eige seminar om jenter og handbak.

Me eit brennande engasjement for berekraft og sirkulærøkonomi hadde Andersson ynskje om å reise utsleppsfritt frå Ensamheten til Eidfjord. Det er ikkje det enklaste eller raskaste. I samarbeid med VY fekk me laga ei reiseruta og kunne innby til bryting på Bergensbanen der du kunne prøva deg mot Andersson. Både turistar og andre reisande fekk tevla og kjenna på krefter i full fart over vidda. Saman med dommaren Rytis Gilys frå Litauen vart det bryting på internasjonalt nivå på Bergensbanen.

FORTSET →

↓ Sofia i duell.

↑ Frå vitjinga til Måbøtunnelen saman med Erling Ljone frå Statens vegvesen.

I Eidfjord vitja me Sima kraftverk og fekk omsyning av Øyvind Salbu frå Statkraft. Det er eit mektig anlegg, med berekraftig ingeniørkunst som imponerer. Tusen takk for omsyning - minst lika kjekt for klubbrepresentantane som vitjande frå Litauen og Sverige.

Ein annan stad våre tilreisande ville vitja, var tunnelen der Måbødalsulukka skjedde. Det var i august 1988 at 34 skuleborn frå Kista i Sverige var på veg i buss mot Bergen. Bremsane svikta på bussen dei sat i, og det enda med ein kollisjon inne i tunnelen for å unngå å hamna utfor eit stup. 16 menneske omkom, tolv av dei var born. Erling Ljone frå Statens Vegvesen vart med oss, og kunne syna oss staden og fortelja om ulukka.

Ingen handbakutøvar i Noreg har hatt ei liknande karriere som Arne Thuen frå Os. Han er den mestvinnande utøvaren, og tok med seg sin enorme pokal og medaljesamling til Eidfjord. Med sine 70 år, og halve livet som idrettsutøvar, er han eit forbilde både for sin haldning til idretten og sine meritter. Den imponerande samlinga fekk stå urørt på kvit duk i Eidfjordhallen. Som han sa spøkefullt: «dei tør ikkje røra når dei veit kven som eig dei».

Takk!

Me ynskjer å takka 8. klasse i Eidfjord og foreldra deira for eit framifrå samarbeid under handbak-NM i Eidfjord. Dei hadde kafe, og bidrog med rydding og vasking i Eidfjordhallen under arrangementet.

Avslutningsvis vil eg freista Eidfjord kommune om å vera vertskap for Hardanger Open som skal arrangerast i april 2026.

Erling Midttun
leiar i Hardanger Handbakklubb

Heidi Andersson kunne fortelja frå scena at ho kjende att ei medalje i samlinga hans. Den var frå fyrste gong dei traff kvarandre: på VM i Tokyo i 1999. Då var ho 18 år og det var hennar fyrste internasjonale konkurranse. Seinare har dei møtt kvarandre og tatt medaljar i ei rekke internasjonale konkurransar.

Med to NM på rad på vestlandet er det sikkert austlandet sin tur for året som kjem. Det er krevjande og kjekt å setta i stand til fest i vest. Me vonar bygdefolk, tilreisande og alle utøvarar set pris på arbeidet som ligg bak eit vellukka arrangement. Tusen takk til hovuddommar Sondre Brekke og hans team av dommarar frå inn- og utland. Alle med svært høgt nivå – slik det skal vere på eit noregsmeisterskap.

Tusen takk til bygdefolket i Eidfjord for at de tok i mot oss på best tenkelege måte! ●

10. klassetur til Krakow 30.04–04.05

Tekst: 10. klasse på Lægreid skule

Det var ein kjekk tur med kjekke folk, masse flotte og sterke inntrykk, og ei god oppleving. Takk til alle som har støtta oss, kjøpt kake, kjøpt lodd, kjøpt sokkar, osv...

Oppdatert informasjon om flaskekork i tre (innkjøpt i 2024)

Tekst og bilete: Kultursjef Bergljot Maria Veivåg Hauso

Flaskekorken er utskoren i tre. Forteljinga om korken er at den er laga av Nils Bergslien, og har vore i eiga hjå ein familie frå Eidfjord frå den var laga. Blomqvist meiner korken er laga av Brynjulf Bergslien, men nyare informasjon peikar på at det kanskje kan vera Lars Kinsarvik, mogeleg saman med Nils Bergslien, som er kunstnaren. Uansett ein nydeleg liten skatt!



Den store SFO-dagen

Endeleg skulle me feira den store SFO-dagen 30. april. Store og små gleda seg. Temaet i år var «Mat og måltidsglede».

Tekst og bilete: Lægreid skule

Arrangementet skulle fokusera på fellesskap, tryggleik, læring og glede rundt måltider, og me skulle inkludera borna til planlegging av aktivitetar for å markera dagen.

Me laga heimalaga betasuppe med flatbrød, saft og kaffi. Denne gongen var me så heldige å få sponsa gratis råvarer, saft og kaffi frå Encon Voss . Tusen takk, Encon!

Borna laga plakatar og vimplar til pynt. Me inviterte førskuleborna, søsken, foreldre og besteforeldre, samt ordførar og varaordførar.

Kulturskulen hadde flotte innslag.

Dette var ein veldig vellukka og kjekk ettermiddag, med discodans og fornøgde born og vaksne.

Hardanger Energi byggjer ny Tveitafoss kraftstasjon

Hardanger Energi er i full gang med å byggja ny kraftstasjon i Eidfjord. Du ser anlegget nede ved elva om lag der du startar på stigninga oppover Måbødalen.

Tekst og bilete: Hardanger Energi v/Per Sigurd Hegerland

Prosjektet i Tveitafoss er planlagt og konstruert saman med Norconsult AS, og det er Nedrevåg AS som har ansvaret for bygg og anlegg. Til grunnarbeidet har Nedrevåg brukt Turhus AS frå Gol. Det betyr at det, i tillegg til eigne tilsette, er mykje gode lokale krefter involvert i prosjektet. HM Energi leverar El-mek pakken, det vil seia turbin, generator og styringssystemet rundt det. Hywer leverar røyr og lukesystem. Dette er leverandørar me har brukt før og har gode erfaringar med.

Inntak og røyrgatetrasé vert oppgradert, men ligg same stad som før. Ei vesentleg endring er at den nye røyrgata ikkje går i dagen, men vert gravd ned. Det betyr at det på sikt vert noko mindre synlege inngrep. I tillegg byggjer me ei løysing som sikrar fisk betre enn det den gamle løysinga gjorde.

Anleggsområde 24.04.2025

Hardanger Energi stiller med eigne tilsette i prosjektstyringa. Magne Alpen er prosjektleiar og Bjørnar Eidnes er byggjeleiar.

Plassering: Måbødalen i Eidfjord kommune

- Tidlegare stasjon var frå 1952 med årsproduksjon på om lag 11 GWh. (Dekkar årsforbruk til ca 600 husstandar)
- Fått konsesjon for ny kraftstasjon og byggjestart var 1 september 2024. Forventa årsproduksjon er 23,6 GWh (dekkar årsforbruk til vel 1200 husstandar)
- Prosjektet er i rute per april 2025, og oppstart av ny kraftstasjon vert våren 2026

Tidlegare Kraftstasjon.

Ny kraftstasjon.

Sommarens utstilling i Galleri N.Bergslien

Opning av utstillinga var 12. juni. Dagleg leiar i Visit Eidfjord KF Inge Tangerås held opningstale, musikalsk innslag ved Berit Opheim.

Tekst: Kultursjef Bergljot Maria Veivåg Hauso

Om kunstnarane og utstillinga

Kristina Austi (tidlegare namn Kristina Daukintytė Aas) er fødd i 1978 i Klaipėda, Litauen. Austi bur i Bergen, Noreg. Ho arbeider med digital jacquardvev, broderi, installasjonar, video og collage. I arbeida sine appellerer ho til vår taktile sans gjennom eit medvite og stabilt handverk. Ho stiller spørsmål ved vår oppfatningsforståing og forhaldet me har til omgjevnadane våre. Kristina gjekk ut frå Bergen Akademi for Kunst og Design i 2011. Sidan 2013 har ho for det meste arbeida med digital Jacquardvev: ein teknikk som sameinar den gamle måten å tenkje om vove flater med den nye digitale teknologien. Ho arbeider deltid som tekstildesignar hos Innvik AS, eit veveri i Vest-Noreg.

Jared Theis vart fødd i 1977. Han tok ein MFA ved University of California, Davis i 2012. Medan han var i California, mottok han Joan Mitchell MFA-stipend og Robert Arneson-prisen. I 2014 fekk han eit Statens Kunstnerstipend frå Kulturrådet, Noreg, Oslo. Han har hatt opphald ved Künstlerhaus Bethanien i Berlin, Tyskland; KHIO, Statens Kunstakademi i Oslo, Noreg; Joan Mitchell Foundation i New Orleans; Houston Center for Contemporary Craft i Houston; USF Verftet Bergen. Han har stillt ut arbeidet sitt ved Künstlerhaus Bethanien, Berlin; Kunsthall Stavanger, Stavanger, Noreg; Mass Gallery, Austin, Texas og Oslo Prosjektrom, Noreg

Jared og Kristina utforskar mytologiske og groteske former frå ulike kunstneriske perspektiv, der Jared arbeider med skulpturelle element og Kristina med tekstil. Gjennom eit samarbeid introduserer dei AI som eit verktøy for å skape nye visuelle tolkingar basert på dei tidlegare arbeida sine, noko som fører til ein rik utveksling av idear og vidare utforsking av kunsten deira. Deira distinkte, men komplementære tilnærmingar, samt bruk av AI, informerer den kreative prosessen, men dei endelege verka utviklar seg uavhengig, driven av deira taktile og intuitive arbeidsmetodar. Installasjonen dei presenterer, består av urovekkjande former som både gjenoppliver gamle forteljingar og forblir relevante i vår tid.

Utstillinga til Austi og Theis står til og med sundag 17. august.

Opningstider

Galleriet er ope dagleg kl. 11–17 i perioden 9. juni–17. august. Frå 18. august er galleriet ope kl. 12–16 laurdag og sundag samt ved cruiseskip.

Neste utstilling

24. august opnar utstilling av kunstnaren Oscar Debbs. Debbs fekk Eidfjord kommune sitt kunstnarstipend for 2024, men har utsett utstillinga si til i år. Program for opninga er ikkje klart enno når Eidfjord Nytt går i trykken.

Skileik i Sysendalen

I år har til saman 80 born delteke på tre karusellrenn, med kveldskøyring i slalåmbakken etter to av renna. I tillegg var det ein fredag med kun kveldskøyring.

Tekst og bilete: Eidfjord IL v/skigruppa

Karusellrenna har inneholdt skicross/skileik; slalåmløypa, baklengsgåing på ski, rundkøyring, hopp og orgeltramp. Dette har gjeve borna nye utfordringar, og har gjort skigåinga til ein leik.

Skiløyper i Sysendalen har blitt trakka tysdagar gjennom skisesongen. Dette er eit godt tilbod, både til lokale og hyttefolk, som me vonar mange nyttar seg av.

Skisprell vart arrangert 16. februar, med besøk av Anne Lise frå Hordaland skikrets. Ho hadde med seg fleire kjekke element, samt gode tips og triks.

Det har vore arrangert nybyrjarkurs i alpint/snøbrett med Ronnie Leeninga, samt deltakar- og instruktørkurs i regi av Furudalen/Balder freeski. Dette er noko som vekkjer interessa hjå fleire, og gjer nye utfordringar. Hardangervidda ski- og fjellsport har sponsa skikort til deltakarane på kurs.

Eidfjord IL har etablert samarbeid med Furudalen/Balder freeski. Dei har utdanna fleire ungdommar til trenarar, og dei har hatt freeski-treningar i helgene frå februar til april. Dette har vore eit veldig vellukka prosjekt, og idrettslaget har fått fleire medlemmar grunna dette tilbodet.

Skiløyper i Sysendalen har blitt trakka tysdagar gjennom ski-sesongen. Dette er eit godt tilbod, både til lokale og hyttefolk, som me vonar mange nyttar seg av.

Trening med Furudalen/Balder freeski.

Klar, ferdig, gå!

Skigruppa har så klart eit sterkt ynskje om at Sysendalen skisenter vil bestå og utviklast. Me ynskjer å halda fram med freeski-treningar neste år, og halda på det gode samarbeidet med Furudalen/Balder freeski og Hordaland skikrets.

Me har elles plan om å halda fram med karusellrenn. Me vil jobba for å gjera langrenn morosamt, og for å halda born aktive på langrenn lengst mogeleg.

Eidfjordmesterskapet skulle eigentleg føregå 15. mars, men måtte rett og slett utsetjast grunna lite snø og snøproduksjon. Ny dato vart 23. mars. Då stilte 55 born til start på langrenn, og 40 på slalåm. Etterpå var det premieutdeling, både for deltaking på mesterskapet og på karusellrenna som hadde vore. Ei særs vellukka avslutning på sesongen for skigruppa, med fint vêr og god stemning.

Statkraft og Hardanger Energi er gode sponsorar som gjer det mogeleg å skapa rimeleg aktivitet for alle. Hordaland freeski har òg bidrege med stønad til å utdanna freeski-instruktørar.

Til slutt vil me retta ein stor takk til Hardangervidda ski og fjellsport AS for det gode samarbeidet me har hatt. Dei har gjort ein uvurderleg jobb på skisenteret, og me set stor pris på den innsatsen dei har lagt ned i drifta på Maurset. Det har betydd mykje for bygda vår.

Flott treningsvêr på Maurset.

Samling om ungdoms-miljø og rus

Samlinga var 16. januar i samfunnshuset, i regi av oppvekstgruppa i Eidfjord kommune. Dette er ei tverrfagleg gruppa som arbeider med rus og kriminalitetsførebyggande tiltak for barn og unge i Eidfjord. Det tilsvarar det som i mange kommunar vert kalla SLT gruppa.

Tekst: Førebyggjingskoordinator Kari Lægreid
Bilete: Eidfjord kommune

↑ Politiet var også til stades på samlinga.

↑ Godt oppmøte på samfunnshuset.

Oppvekstgruppa består av representantar frå barnevernet, politi, helsesjukepleiar, psykiatrisk sjukepleiar, barnekoordinator, sosiallærar på skulen, NAV sosial og førebyggjingskoordinator. Gruppa arbeider på generelt grunnlag og går ikkje inn i enkeltsaker. Det er den ruspolitiske handlingsplanen som er styringsverktyet til gruppa. Den finn de på heimesida til kommunen.

Med bakgrunn i dette vart det einigheit om at me skulle arrangere ein slik kveld, i samarbeid med skulen. Me hadde tett dialog med Korus Bergen, som er eit kompetansesenter innan rusfeltet i Noreg. Dei kom med gode innspel og tips til korleis me skulle halda ei slik samling.

Samlinga vart ein suksess. Om lag 80 personar møtte på samfunnshuset denne kvelden. Dette syner at me er ein skikkeleg god gjeng som vil det aller besta for ungdommane i bygda, og at me saman kan skapa trygge, gode rammer for dei.

Me starta møte med informasjon om kva tilbod me har for ungdom i Eidfjord; her vart det nemnd både open hall i idrettshallen og all aktivitet som idrettslaget har for ungdom. Fritidsklubben i ungdomshuset, miniatyrskyting, kulturskulen, mm.

Sjukepleiar i psykisk helse, Elin Sæbø Vik, snakka om foreldresamarbeid og ruskultur. Elin er tilstades på Lægreid skule på onsdagar. Dette er eit gratis lågterskeltilbod i psykisk helse.

Liv Kristoffersen møtte som sosiallærar for Lægreid skule. Ho gjekk igjennom Livsmestringsprogramma til skulen.

Frå ungdomsrådet møtte leiar og nestleiar, Anders Myklatun Hole og Eivind Bu. Dei hadde viktige bodskap om dette å flytta frå Eidfjord og å byrja på videregåande skule på større plassar. Både positive ting med det, men òg kva som kan vera utfordringane. Dei la stor vekt på dette med å ha bestemt seg på førehand dersom dei kjem i ein situasjon der dei får tilbydd rusmidlar, og å ha snakka om det heima. På denne måten er det enklare å seia nei dersom dei kjem i situasjonen.

Me hadde òg fått med oss SLT-koordinator frå Voss, Kristine Akselberg. Ho er tett på ungdommane på Voss, og hadde mange nyttige tips til kva som er lurt å tenkja på som ungdomsforeldre. I tillegg snakka ho ein del om tilbod ungdommane har på Voss. Det er Voss herad som har utarbeidd plakaten «Tilrådingar til ungdomsforeldre».

For politiet møtte Siri Tronerud Andersen, fagleiar for førebyggjande arbeid. Ho snakka ein del om rusmidlar, og det med at alle vert eksponert for det før eller sidan. Då er det igjen viktig det som Anders og Eivind sa om å ha bestemt seg på førehand. Føresette si rolla er å påverka ungdommane sine verdiar, slik at dei tek dei rette vala.

På slutten hadde me ein paneldebatt, der alle i salen kunne senda inn anonyme spørsmål. Her vart det gode svar og diskusjonar.

Me hadde matservering frå Kokken Arthur.

Tusen takk for ei knallkjekk samling! ●

FORTSET →

EIDFJORD KOMMUNE

Tilrådingar til ungdomsforeldre

1. Snakk med ungdomen din

Ha samtalar om konsekvensar av å nytta rusmidlar, slik at det er lettare for dei å ta gode val.

2. Våg å vera kjip – set grenser

Ungdomar som veks opp i familiar med klare reglar, drikk mindre og er meir forsiktig.

3. Ikkje gje barnet ditt alkohol

Tenåringar som får alkohol av foreldra sine, drikk ikkje mindre.
Tvert imot kjem det i tillegg til alkoholen dei sjølv får tak i.

4. Snakk med andre foreldre

«Alle andre» får truleg ikkje lov.
Avtal felles reglar med andre foreldre.

5. Ver tilgjengeleg – følg med og følg opp

Avtal innetid og tilby å køyra og henta. Ver tydeleg på at ungdomen kan ringja dersom noko skulle skje.

6. Politiet på Voss seier fylgjande:

- Lovverket seier at barn under 15 år ikkje skal opphalda seg på offentleg stad utan vaksne etter kl. 22. (Politiloven §13 2. ledd)
- Ungdom 15-18 år bør ikkje opphalda seg på offentleg stad utan vaksne etter kl.24.
- Barn i barneskulealder bør ikkje opphalda seg på offentleg stad utan vaksne etter kl.20.

Førebyggjande arbeid retta mot born og unge

Helsesjukepleiar og sjukepleiar i psykisk helse har arrangert ein jentekveld og ein gutekveld, etter ynskjer frå elevane på skulen.

Tekst og bilete: Sjukepleiar i psykisk helse Elin Sæbø Vik

Jentekvelden i februar

Jenter frå 7.-10. klasse fekk låna den fine ungdomsklubben. Me hadde yoga med Hanna Dysvik Strander. Det var ei god økt med øvelsar for både styrke og avspenning. Etterpå laga me mat i lag, og hadde ulike spørsmålsleikar. Ein kjekk kveld med god stemning!

Desse sosiale kveldane er eit psykososialt tiltak, der me ynskjer å styrka relasjonar mellom ungdommane.

Gutekveld i april

Gutar frå 7.-10. klasse var ilag ved Eidfjordvatnet. Me hadde mesternes mester-leikar der gutane fekk opp pulsen, bålkonkurranse etterfulgt av grilling. Ein veldig kjekk kveld!

Desse sosiale kveldane er eit psykososialt tiltak, der me ynskjer å styrka relasjonar mellom ungdommane. Me ynskjer òg at ungdommane skal verta trygg på oss som vaksne, slik at terskelen for å ta kontakt vert lågare.

Helsesjukepleiar og sjukepleiar i psykisk helse er begge lågterskeltilbod. Dei er tilgjengelege på skulen kvar veka, og elles etter avtale.

Tråagarden + Draopar = sant

Kva er Draopar?

- Eidfjord sitt fyrste sideri
- Skipa i 2022
- Drivast av Jan Hauso, Bergljot Maria Veigåg Hauso, Kari Lægreid og Jonas Mong
- I 2025 vart produkjsonen flytta til Tråagarden

Draopar har gjort mange endringar sidan oppstart i 2022, og ofte er det slik at vegen vert litt til mens du går. No håpar me på at me har landa både eigarar og plassering, og at me endeleg kan konsentrera oss fullt ut om produktet som skal lagast.

Bilete: Heidi Kvamsdal

Januar 2025 byrja prosessen med å flytta bedrifta frå Simadalsvegen til Traågarden. Me fann ut at den gamle mosstova i Tråa skulle få nytt liv. No har det vorte ein koseleg gardsbutikk i eine delen. Her har me utsal av epledraopar, sider, egg og på sikt vil det koma andre produkt inn i butikken. Produksjonslokalet finn du i det største rommet, som tidligare har vore brukt både som traktorgarasje og verkstad. Lengst bort er lageret, det som tidlegare var utedoen i Tråe. Me har både snekra, rydda og vaska.

Bronsekvalitet

I mars var Draopar med på HANEN si tevling i Norges beste drikke, der produkta våre Epledraopar og Vaseprat fekk bronsekvalitet! No blømer eplene i Vikehagen, og Hardanger Bieri sine bier hjelper med pollineringa slik at det vert mykje gode epler til hausten som kan bli til endå fleire gode produkt med god kvalitet.

Opningstider

Me gler oss til ein sumar med open butikk. Me håpar at både lokale, hyttefolk og turistar finn vegen opp i gardsbutikken i Tråe. Velkomne skal de vera! Opningstider vert annonsert på instagram: @draopar, og på heimesida vår: http://draopar.no

Ta gjerne kontakt om du ynskjer å vitja oss utanom opningstidene.

Bråte besøks- og velferdsgard

Bråte besøks- og velferdsgard på Bu vert drifta av Margrethe og Tore.

Tekst: Margrethe Bu og Hanna Dysvik Strander

– Me kjøpte garden i 2022 og flytta til Bråte i 2023 for å verta bønder. Begge kjende me på den positive effekten dyr og natur har på mennesker. Dette er noko me ynskjer å dela med fleire.

Slik starta idéen om besøksgard. Margrethe er fødd i 1986, er mamma til ein og bonusmamma til tre. Ho har bakgrunn som vernepleiar, vegleiar, føredragshaldar (innan mellom anna tvang, etikk, kommunikasjon og relasjonsarbeid) for Bergen kommune og instruktør for Vaksdal Røde Kors hjelpekorps.

Mesteparten av tida har ho hatt sitt virke innan rus og psykiatri, men ho har òg erfaring innan gardsarbeid, barnehage, skule og eldreomsorga. Frå 2023 tok ho vidareutdanning i det å nytta dyr, og særskilt hest, i møte med mennesker.

↑ Astrid rir på hest. Til venstre for ho er mor til Margrethe, Gerd Bu.

↑ Theo og Tiril kosar seg på Bu.

Tore er fødd i 1983 og er pappa til fire. Han har bakgrunn som mekanikar og leiar. Han har erfaring innan søk og redning frå si tid offshore kor han framleis har sitt virke, og har hatt mesteparten av si yrkeskarriere. Han har òg lengre erfaring med gardsarbeid då han har arbeidd som avløysar, og hjelpt vener og familie med gardsarbeid.

– Me tenkjer at Bråte med sin idylliske utsikt, nærleik til skog, fjord og fjell, dyreliv, og dyrking av frukt og grønt gjev eit godt utgangspunkt for besøks- og velferdsgard. Me har vore så heldige at barnehagen har komt nesten kvar veka sidan februar, og det er kjekt å sjå kor ungane trivst og utviklar seg med oppgåvene dei får her. Garden vår er i stadig utvikling. I dag har me mellom anna grôvforproduksjon, skog, hestehald, jærhøns, trønderkaniner, ein liten grønsakshage og potetåker.

Sidan februar 2025 har Modnen barnehage tatt bussen ut til Bråte gard nesten kvar torsdag. Dette har vore vekas høgdepunkt! Margrethe og Tore har gitt oss ulike aktivitetar tilpassa vêr, årstid og behov til gruppa me har hatt med oss.

> Dagane på Bu har vore fylt med utfordringar, meistring, samvær og tilhøyre. Med vegleiing frå gjengen på Bråte har ungane fått prøva og feila, blitt redde og vore modige, øvd på å setja grenser og fylgja andre sine grenser, og dei har fått kjenna på at dei klarar å gjera vanskelege ting.

– Me har snekra rugekassar og fuglekassar, sådd, og etter kvart planta ut, erteplanter. Me har stelt for hestar, høner og kaniner, ridd, og til og med vore ute med hestevogn.

Rammeplanen for barnehagen seier at den skal fremja læring. I barnehagen skal barna oppleve et stimulerende miljø som støtter opp om deres lyst til å leke, utforske, lære og mestre. Barnehagen skal introdusere nye situasjoner, temaer, fenomener, materialer og redskaper som bidrar til meningsfull samhandling. Barnas nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær skal anerkjennes, stimuleres og legges til grunn for deres læringsprosesser. Barna skal få undersøke, oppdage og forstå sammenhenger, utvide perspektiver og få ny innsikt. Barna skal få bruke hele kroppen og alle sanser i sine læringsprosesser. Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra i egen og andres læring.

Dagane på Bu har vore fylt med utfordringar, meistring, samvær og tilhøyre. Med vegleiing frå gjengen på Bråte har ungane fått prøva og feila, blitt redde og vore modige, øvd på å setja grenser og fylgja andre sine grenser, og dei har fått kjenna på at dei klarar å gjera vanskelege ting – om det er å gå den lange, bratte bakken opp til garden frå bussen, eller å snekra ei fuglekasse nesten heilt sjølv.

Det skjer noko magisk når me får reisa ut av barnehagen og utfolda oss utan dei vande rammene og strukturane. Me finn ro og flyt på ein annan måte. Nye relasjonar får bløma. Barna syner nye sider av seg sjølve. Me vaksne ser tydeleg korleis relasjonar som har oppstått på Bråte vert utvikla vidare attende i barnehagen. Barna blømer på anna vis enn dei gjer i kjende omgjevnadar, og kjenner på både sosial og fysisk meistring.

Bråte besøks- og velferdsgard er eit aktivt tilbod i utvikling, og er ikkje berre for barnehagen. Tore og Margrethe vil gjerne ha attendemeldingar frå sambygdingane sine om kva type tilbod som er ynskt, og etterspør korleis dei kan verta tilgjengelege for ulike grupper. Tilbodet kan tilpassast mellom anna skule, NAV/arbeidstrening, SFO og fritidstilbod.

Barn treng å utfalda seg i trygge omgjevnadar, og tilbodet på Bråte gard er heilt uvurderleg for dei minste. Me i Modnen barnehage er utruleg takknemlege for å ha hatt moglegheit til å vera på Bråte denne våren, og håpar me kan koma attende til hausten. ●

NORGE P.P.

Returadresse:
Eidfjord kommune
Simadalsvegen 1,
5783 Eidfjord

”

Det er flott å kunne syna resten av Noreg at me har arrangørbygder som Eidfjord som er løysingsorienterte, smidige og fikser alt med ja-mentalitet og eit smil.

s. 36